

Fraa sud til norst i det kjære nord

Tone: Fraa vesterhavet til kjølens rand

- 1) Fraa sud til norst i det kjære nord
fraa aust til vest der tarebla gror
i alle fogar, i alle skogar, eg hev mi mor
- 2) Den elskad heimen eg fekk av Gud
der eg var brudgom aa kona brud
der eg fekk stræva, med hugnad leva, aa ta meg ut
- 3) De' trivnad i at vor heim er pen
det lønnar seg at me held den rein
han skrapa skura, i kvar ei fura, aa malar den
- 4) Jau det vil syna seg i vor ferd
um me gjev reinleikjen mykje verd
ein ser paa fagte, ein ser på agte, ein ser paa gjerd
- 5) Me sjaa Vorherre han aag held reint
med sol aa vatn han fjelga pent
me sjaa paa blomar, me sja paa kumar, da er so vent
- 6) Fær me fyrst auga mot soli vendt
aa kjærleiksvarmen i hjarta tendt
vil heimen verta, baa sjel aa hjarta, de' røynt aa kjent
- 7) So faar me sjaa at kvart augabryn
so klaarast av kjærleiks fargelyn
ser ljost aa fager, paa alle sager, i Guds forsyn
- 8) Aa varda heimen det er vor hug
aa der me syna vil fram vor dug
aa denne hugen, aa denne dugen, me hev fraa Gud
- 9) Det nakna berje, densteile strand
dei magre bakkar med stein aa sand
gjev lite føda, men berre møda, aa skræma kan
- 10) Men heimen ligg der, ein hev den kjær
so difyr vil ein no være der
um magre beta, ein hev aa eta, so nøgd ein er